



TELEMARK FYLKESKommUNE
Administrasjonen

SAMFERDSELSDEPARTEMENTET	
AVD./SEK: PLS	15. SEP.
- 9 MAI 2008	
NR: 08/173-177	
ARKIVKODE: 412.3	AVSKREVET:

Vår ref. 08/386-44
120 /FJET
Dato 08.05.2008

Samferdselsdepartementet
Planavdelingen
Pb 8010 Dep.
0030 OSLO

NASJONAL TRANSPORTPLAN - 2010 - 2019 HØYRINGSFRÅSEGN FRÅ TELEMARK FYLKESKommUNE

Fylkestinget behandla i møte 29.04.2008 sak 29/08. Følgjande vedtak ble fatta:

Vedtak i Fylkestinget

Forslag til Nasjonal transportplan 2010 – 2019 syner at rammene frå Regjering og Storting ikkje gir grunn for ein prioriteringsdiskusjon. Totalrammene må aukast med minst 60% om eit effektivt, tilgjengeleg, trygt og miljøvennleg transpotsystem skal oppnåast.

I Austlandssamarbeidet si fråsegn til NTP-forslaget går det fram at rammene til veg og bane må aukast monaleg for å nå måla som er sette for samferdselspolitikken.

Fylkeskommunen stør ei auke i drift og vedlikehald slik det framgår av NTP-forslaget og syner til kor naudsynt det er for å oppretthalde vegkapitalen, men understrekar og at ei slik auka satsing ikkje må gå ut over investering ane.

Telemark fylkeskommune vil vere ein aktiv og positiv partner i eit prøveprosjekt for å utvikle nye kontraktsformer der drift og utvikling/investering vert sett i samanheng over ein lengre periode.

Ordninga i dag med investeringar innafor veg og bane etter "kontantprinsippet" er ikkje eigna til å løyse utfordringane med å utvikle eit framtidretta transportsystem. Ulike typer prosjektfinansiering må difor tas i bruk.

Strekinga Farriseidet (Larvik) – Skorstøl vil etter fylkestinget sitt syn vere særst vel eigna for prosjektfinansiering. Slik kan vi hauste nye erfaringar med raskare framdrift i utbygging og andre finansieringsformer også i Norge.

Dei overordna målsettingane i NTP om å leggje til rette for ei bærekraftig samfunnsutvikling der klimautviklinga står sentralt, blir for Telemark særdeles vanskeleg å realisere utan auka ressursar.

Telemark står samla om sine prioriteringar. Desse er:

- **Vestfoldbanen med ny Eidangerparsell mellom Larvik og Porsgrunn.
Eidangerparsellen må gjennomførast i samsvar med gjeldane NTP (2006 – 2015.)**

Samankoplinga Sørlandsbanen – Vestfoldbanen er ikkje omtalt i planforslaget.

Samankoplinga er svært gunstig både samfunnsøkonomisk og bedriftsøkonomisk.

Telemark fylkeskommune ventar at prosjektet vert teke inn i NTP.

Postadresse	Besøksadresse	Telefon	Telefaks	E-post	Internett
Fylkeshuset 3706 SKIEN	Fylkesbakken 8-10 3715 SKIEN	35 58 44 49 (dir.)	35 52 99 55	post@t-fk.no	www.telemark-fk.no

Våre 3 stamveggar : E 134, Rv 36 og E18.

E 134 er det viktigaste aust – vest sambandet sør på Hardangervidda, Rv36 er ein sentral link mellom E18 og E134, medan E18 utgjør hovedkorridoren Oslo – Grenland – Kristiansand.

Nye tunneler på E134 på Haukeli og Gvammen - Århus må realiserast tidleg i perioden.

Allereie lokalt vedtatte vegparseller i Infrastrukturplan Grenland legges inn i NTP.

Bystrategiprojektet for dei 4 mellomstore byområda i Region Sør er omtala i NTP med mål om å utvikle attraktive og berekraftige byområde.

Grenlandsområdet vil etablere forpliktande samarbeidsarenar, og føreset at prosjektet frå statleg hald blir fulgt opp med:

- *Prioritering av infrastruktur som underbygger denne utviklinga i byregionane.*
- *Plan – drift og investeringsmidlar der kollektivtrafikk, gang – og sykkelveggar, trafikkavgrensande tiltak mv. er viktige element.*
- *Etablering av eit nasjonalt byutviklingsprosjekt for mellomstore byområde, i første omgang for byområda i region Sør.*

Genland Havn spelar ei sentral rolle for gods og passasjertransport til og frå Norge og mellom regionar i Norge.

Havna har eit stort potensial for overføring av gods frå veg til sjø og bane. Grenland Havn må difor definerast som intermodal knutepunktshavn.


Telemark står vidare utgeiingar om høgfartstog i Norge slik at strategiske avklaringar kan skje så snart som råd. Eksisterande planar for utbygging av InterCity – triangelet på Austlandet og prosjekta på Vestfoldbanen og Eidangerparsellen må gjennomførast slik det går fram av gjeldane NTP 2006 – 2015.

Det er ikke akseptabelt at Staten legg opp til overføring av øvrige riksveggar til regionane frå 2010 utan at det blir kompensert for forfallet på det same vegnettet.

Bompengeprojektet for E134/RV36 er lokalt vedteke og vil halde fram. Sidan dette er føresett finansiert med 100 % brukarbetaling, må Stortinget kunne handsame prosjektet uavhengig av NTP.

Ved val av traseer til vei og transportformål, må jordvern være et viktig politisk hensyn.

Med helsing


Torstein Fjeld
rådgiver samferdsel

Gjenpart: Vegdirektoratet, Pb 8142 Dep., 0033 OSLO